

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.03.2023

Vår ref.: 202302587-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme, 99 21 51 22
/rho@nve.no

Avgrensa høyring av detaljplan for miljø og landskap - Ny dam Litlevatn ved Vartdal kraftverk - Ørsta kommune

I brev datert 24.03.2023 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan for miljø og landskap frå Tussa Energi AS for bygging av ny dam Litlevatn ved Vartdal kraftverk i Ørsta kommune. Vi sender detaljplanen på høyring, og vi ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 27.04.2023.

Konsesjonen ligg fast

Løyve til å ruste opp og utvide Vartdal kraftverk vart gitt i NVE sitt vedtak datert 30.08.2018. Vedtaket vart klaga på, og Olje- og energidepartementet fatta endeleg vedtak i saka 19.12.2018. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølv konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å bygge det konsesjonsgitte anlegget. Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet og jf. post 4 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Det har gått meir enn eitt år sidan det vart gitt konsesjon til opprusting og utviding av kraftverket. Difor sender vi plan for landskap og miljø på avgrensa høyring for å fange opp eventuelle endringar i kunnskapsgrunnlaget.

Det er gitt konsesjon til å byggje ny kraftstasjon og røyrgate, i tillegg til å byggje ny dam ved Litlevatnet. Detaljplanen som vert sendt på høyring no omfattar berre tiltaket ved Litlevatnet. Detaljplan for arbeid med røyrgata og kraftstasjonen er under utarbeiding og vert sendt til NVE for handsaming seinare.

Vi ønskjer følgjande tilbakemelding frå høyringspartane på vedlagd plan for miljø og landskap:



Ørsta kommune: Eventuelt nye opplysningar om areala som er planlagt tekne i bruk og kva status dei har i kommuneplanen sin arealdel. Vi ber særskilt om at arealbruken knytt til naturtypen «*nordvendte kystberg og blokkmark*» vert kommentert. Andre opplysningar som er relevante for saka, til dømes om bruk av området i samband med friluftsliv.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: Oppdatert kunnskap om trua og sårbare artar i området der tiltaket skal gjennomførast. Vi ber særskilt om at arealbruken knytt til naturtypen «*nordvendte kystberg og blokkmark*» vert kommentert. Vi ber og om andre opplysningar som er relevante for saka.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Oppdatert kunnskap om kulturminne i tilknytning til planområdet. Forholdet til friluftsliv, eventuelle forvaltningsplanar og andre regionale planar som gjeld i området. Vi ber og om andre opplysningar som er relevante for tiltaket.

Mattilsynet: Detaljplanen skildrar mellombels tiltak for å sikre drikkevassforsyninga i anleggsfasen. Vi ber særskilt om vurdering av denne delen av tiltaket.

Vartdal vassverk: Detaljplanen skildrar mellombels tiltak for å sikre drikkevassforsyninga i anleggsfasen. Vi ber særskilt om vurdering av denne delen av tiltaket.

Konsesjonæren har ansvar for å avklare privatrettslege forhold med dei som har rettar i området, og for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida tek til.

Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for fråsegn

Detaljplanen for miljø og landskap finn de her: www.nve.no/7826/V

Vi ber om at fråsegn til detaljplanen vert sendt til NVE, uttalelse@nve.no innan **27.04.2023**. Merk fråsegna med «Fråsegn» og saksnummer 202302587 i emnefeltet.

Som del av handsaminga vår vert fråsegner, eller deler av dei, refererte i utgåande brev. Dersom ho er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast till dette. Av same grunn ønskjer vi teksten elektronisk. Fråsegner er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagt ut på nettsidene våre.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
Seksjonssjef

Randi Holme
senioringeniør



Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
ØRSTA KOMMUNE
Mattilsynet
VARTDAL VASSVERK

Kopimottakarliste:

TUSSA ENERGI AS
TUSSA ENERGI AS - Sveinn Larusson
TUSSA ENERGI AS - ØYVIND PÅL EIDSÅ